Bustadprosjekt skrinlagt

20.07.2011



Eit bustadprosjekt sentralt i Uskedalen er no skrinlagt melder Kvinnherad Bygg til kommunen. Tiltakshavar har lagt prosjektet på is og difor trukke saka, blir det opplyst,
Det gjeld 122/46 på nedsida av fylkesvegen og ovafor Beinavikjo, ei tomt der Olga Helene Arnesen skulle byggja.

Kommuen konstaterte at tilkomst var den største utfordringa her og at det var naudsynt med dispensasjon frå byggjegrensa uansett val av alternativ. Det eine alternativet hadde ny avkøyrsle som føresetnad og det andre utbetring av eksisterande avkøyrsle. Prosjektet skulle ha lege i det gule feltet.

Ein annan sak frå Uskedalen der kommunen har gjeve grønt lys er midlertidig bruksløyve for tomannsbustad nummer 2 i Hagetunet samt dobbeltgarasje til denne. Kvart av husværa er på 91 kvadratmeter. Det står att å gjera ferdig 1 tomannsbiustad med 2 husvære og garasjar til desse.

Av Ola Matti Mathisen